

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 147/2003**

**av 7. november 2003**

**om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar,  
prøving og sertifisering)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 109/2003 av 26. september 2003<sup>(1)</sup>.
- 2) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF av 27. januar 2003 om avgrensing av bruk av visse farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr<sup>(2)</sup>, skal takast inn i avtala.
- 3) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2003/11/EF av 6. februar 2003 om 24. endring av rådsdirektiv 76/769/EØF om begrensning av markedsføring og bruk av visse farlege stoffer og preparater (pentabromdifenyleter, oktabromdifenyleter)<sup>(3)</sup>, skal takast inn i avtala.
- 4) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF byggjer på ei tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/96/EF av 27. januar 2003<sup>(4)</sup>, som ikkje er innlemma i avtala, men som ein vurderer å innlemme –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel I*

I vedlegg II kapittel XV i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 4 (rådsdirektiv 76/769/EØF) skal nytt strekpunkt lyde:

---

<sup>(1)</sup> TEU L 331 av 18.12.2003, s. 22, og EØS-tillegget til TEU nr. 64 av 18.12.2003, s. 15.

<sup>(2)</sup> TEU L 37 av 13.2.2003, s. 19.

<sup>(3)</sup> TEU L 42 av 15.2.2003, s. 45.

<sup>(4)</sup> TEU L 37 av 13.2.2003, s. 24.

”– **32003 L 0011**: Europaparlaments- og rådsdirektiv 2003/11/EF av 6. februar 2003 (TEU L 42 av 15.2.2003, s. 45), retta ved TEU L 170 av 9.7.2003, s. 31.”

2. Etter nr. 12p (kommisjonsforordning (EF) nr. 1687/2002) skal nytt nr. 12q lyde:

”12q. **32002 L 0095**: Europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF av 27. januar 2003 om avgrensing av bruk av visse farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr (TEU L 37 av 13.2.2003, s. 19).”

#### *Artikkel 2*

Teksta til direktiv 2002/95/EF og 2003/11/EF, retta ved TEU L 170 av 9.7.2003, s. 31, på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

#### *Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 8. november 2003, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

#### *Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfjerda i Brussel, 7. november 2003.

*For EØS-komiteen*  
*Formann*

*Prins Nikolaus von Liechtenstein*

*Sekretærar for EØS-komiteen*

*Ø. Hovdkinn*      *M. Brinkmann*

---

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.